



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Kyrkjebø, 17.12.23

### Møteprotokoll for Kyrkjebø sokneråd.

Møtedato: 07.12.23.

Møtetid: kl. 19.00.

Møtestad: Kyrkjebø kyrkje.

#### Til stades:

Sturla Bell Fossen, Irene Aase Aarseth, Jens Ole Årdal, Jofrid Nordstrand Forthun, Arvid Solås, Sjur Håvard Øygard, Andreas Ester, Kari Henny Dale.

**Forfall:** Amalie Ramsli Selnes, Ole Ivar Luggenes.

#### Kopi av protokollen går til:

Knut Magne Nesse, Petter Sortland, Ali Kharrat, Heike Muller, Stig Jonny Fitje, postmottak Høyanger kommune.

#### Sakliste:

##### **Godkjenning av innkalling og sakliste.**

Det var ingen merknad til innkallinga.

På saklista vart postliste og sidan sist lagt til.

##### **Godkjenning av referat frå møte 26.10.23.**

Det var ingen merknad til referat frå møte 26.10.23.

##### **Postlista.**

Leiar gjekk gjennom postlista med rådsmedlemmane.

##### **Sidan sist.**

29.10. Kunst- og kulturkveld i Kyrkjebø kyrkje, med god pressdekning i YS.

12.11. Minnegudsteneste med utdeling av blomsterhelsing til pårørande før markeringa i kyrkja, 15.11 Introduksjonskurs for sokneråda i Førde,

23.11. fagdag på Alværa, 26.11. Kaffigudsteneste i Vadheim bedehus.

##### **Soknepresten har ordet**

Soknepresten delte tankar rundt Jon Fosses Nobel- foredrag «Eit taust språk».

#### Meldingssak:

##### **230027: Soknerådet si arbeidsform.**

Medlemmene fekk utdelt ark med spørsmål rundt kva rolle soknerådet har i bygda og kva arbeidsform og oppgaver kvar enkelt vil vektlegge i soknerådsperioden.

Arka vert tatt fram att seinare i soknerådsperioden.

##### **230028: Årshjulet for resten av 2023 og starten på 2024.**

Soknerådsleiar gjekk gjennom årshjulet med soknerådsmedlemmane og arbeidsoppgåver vart delt mellom rådsmedlemmene fram til neste soknerådsmøte.

##### **230029: Offersøknader for 2024.**

Soknerådsleiar orienterte om offersøknadar for 2024.

Offertildeling og gjevartenesta vert vedtakssak på nyåret.

**Vedtakssaker:****Sak: 0021/23: Arbeid på kyrkjegarden.****Vedtak, samrøystes pr. e-p den 12.11.23:**

Soknerådet avtalar med Anleggsgartner Baarøy AS å få utført arbeidet i tråd med entreprenøren sitt tilbud, og etter dei føringar som ligg til grunn for dette.

Kostnaden dekker soknerådet i fyrste omgang av eigne midlar og ved dugnadsinnsats. Søknad om refusjon frå HKF vert å sende når faktura føreligg, og arbeidet er prioritert i HKF.

**Tillegg til e-post-vedtaket:**

Soknerådet godkjenner muntleg avtale mellom Ljotebø og soknerådet v/Kari og Sturla. Soknerådet gjev nestleiar og leiar fullmakt til å signere endeleg avtale med Baarøy AS. Vedtaket var samrøystes.

**Sak: 0022/23: Søknad frå Amalie Ramsli Selnes om fritak for verv i soknerådet.**

Amalie Ramsli Selnes vert etter søknad fritaken frå vervet i soknerådet for perioden 2023 – 2027. Ole Ivar Luggenes vert etter dette ny fast medlem og nytt 1. varamedlem vert Jofrid N. Forthun. Vedtaket var samrøystes.

**Sak: 0023/23: Møteplan for 2024.**

Soknerådet har som hovudregel møte kvar 3. torsdag i månaden i tidsrommet januar – mai og september – november i Kyrkjebø kyrkje kl. 19.00 – kl. 21.00. Vedtaket var samrøystes.

**Sak: Ymse.**

Jens Ole Årdal var valt til referent for 1 år.

Referent  
Kari Dale  
Soknerådsmedlem